

«Alle 30» sesongen 2013 (1.10.12 – 30.9.13)
KJEMPESUKSESS FOR «ALLE 30»!

«Alle 30» er eit samarbeid mellom IF Klypetussen, Skånevik IL, Etne IL og Fjæra Og Rullestad IL. Alle laga har kvar sitt individuelle opplegg med bøker rundt om på postar (flest nutar) i Etnefjella. Paul Tungesvik prøvde i 2001 å klara alle laga sine opplegg på éin sesong. Det gjekk nesten. Så tok han kontakt med Gisle Sellevold om ein ikkje skulle laga eit felles opplegg. Ideen vart sett i system til fyrste sesong med «Alle 30» i 2002.

Rekorden smadra!

Rekorden på 20 personar som hadde klart «Alle 30» på éin sesong stamma frå 2009. Den vart smadra etter alle kunstens reglar. 62 personar klarte denne bragden denne sesongen. Heile 40 klarte det for fyrste gong. Då er det att 22 personar som hadde klart det før, éin eller fleire gonger.

31 jenter og 31 gutar og 10 flaxlodd

Vanlegvis er det fleire gutar som deltek når det er sportslege utskeiingar. No er trenden i ferd med å snu. Me såg det i Klypetuss-karusellen, me såg det i Ironman 70.3, og me vil sikkert sjå det i Djupadalten og Karmøy Maraton.

Når det gjeld «Alle 30» vart det lova 10 flaxlodd til trekking blant jentene om dei klarte like mange eller fleire enn gutane. Og det klarte dei!

Jenter frå Bergen og Tørvikbygd klarte «Alle 30»!

Haldis Berge er meteorolog i Bergen, men er oppvaksen i Etne. Med base i Bergen er det ein fantastisk prestasjon å kome seg rundt på «Alle 30»- nutane i Etne i løpet av 12 månadar. Fleire av nutane er mest utilgjengelege vinterstid.

Grethe Milje er fødd og oppvaksen i Etne, men er busett i Tørvikbygd. Ho og dottera **Kamilla** klarte utruleg nok å koma seg opp på alle 30 nutpostane i løpet av eit år!

Ståle Tungesvik og Paul Tungesvik har klart «Alle 30» alle 12 åra!

Å gå på 30 nutpostar med mange mils avstand på 12 månadar krev god planlegging og mykje guts. Men å klara det 12 år på rad er nesten ikkje til å fatta. Men tremenningane Paul Tungesvik og Ståle Tungesvik har meir guts enn dei fleste.

Framlegg til intervjuobjekt:

Målfrid- og Terje Hardeland (han har kols og klarte det likevel – resultat: auka lungekapasitet og redusert medisinbruk).

Inge Sævareid, Skånevik har klart «Alle 30» 9 år på rad. 12. november vert han 81 år!

Haldis Berge, meteorolog med base i Bergen (oppvaksen i Etne)

Mor og dotter Grethe- og Kamilla Milje frå Tørvikbygd (mor oppvaksen i Etne). Fyrste med tregenerasjonar som klarer «Alle 30», Leif Halleland, døtrene Grethe Milje og Kristin Halleland Straumstein og barnebarn til Leif, Kamilla Milje.

Paul Tungesvik og Ståle Tungesvik har fullført alle åra (dei er tremenningar).

Skjema finn ein på www.klypetussen.no

Info: Gisle Sellevold Mobil: 4860 2195